

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: ~~Rogaland~~ VA

Tillegsspørsmålnr.

Herad: Sirdal.

Emne: Skav.

Bygdelag:

~~Oppskrift~~ Stavanger Aftenblad.
21/3.1956.

Gard:

(adresse):

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

**Sirdals - vinteren
slepp ikkje taket**

Noko som tydar på at vinteren vil sleppa taket på Sirdal, er ikkje å merka. Austavinden det siste har vore kald. Men skogsarbeidet går greitt på høvelege ver- og føretilhøve.

Høyet minkar fælande. Nyleg var det ein mann i Tonstad som ikkje åtte att stråfor til hesten sin. Gode naboer hjelpte han. Endå Trøndelags-høyet, som Tonstad var lova 20 tonn av, ser det vonlaust ut med. Dei som kan få heim skaved, raun eller osp, peisar på med å skava for å dryga høyet — og såleis koma ut or vårknipa på beste måte.

11916